



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/2661-6

29.06.2016

Tilskot til kommunalt vedlikehald på Sørlandet og Vestlandet

Vi syner til brev av 28. juni 2016.

I rundskriv H-8/16 er det sagt at tilskotet til kommunalt vedlikehald skal gå til kjøp av tenester og kan ikkje nyttast til prosjekt som kommunen utfører med egne tilsette. Herøy kommune ynskjer mellom anna å gjennomføre kommunalt vedlikehald gjennom mellombels tilsetting av personar som er registrert arbeidsledige til å gjennomføre tiltak innanfor sitt kompetansefelt, og ber om avklaring på om dette vil vere i tråd med kriteria for bruken av tilskotet.

Eit slikt prosjekt vil vere i tråd med intensjonen bak tilskotet. Omsynet bak formuleringa i rundskrivet var å presisere at tilskotet ikkje skulle kunne gå til ledig kapasitet hos kommunen sine egne tilsette eller nye fast tilsette i kommunane. Vår vurdering er at i dei høva der eit prosjekt vert utført med mellombels tilsettingar av registrerte arbeidsledige, vil dette liggje innanfor tilskotsordninga.

Med helsing

Thor Bernstrøm (e.f.)
avdelingsdirektør

Even Vaboen
seniorrådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Postadresse
Postboks 8112 Dep
NO-0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
<http://www.kmd.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Kommunalavdelinga

Sakshandsamar
Even Vaboen
22 24 72 39

Kopi:

Den norske revisorforening

Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Rogaland

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

NKK

Norges Kommunerevisorforbund